



Arkivnr: 2014/11370-1  
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		11.03.2014

## Eigarskapsforvaltning - styrerepresentasjon og kompetanse

### Samandrag

I samband med selskapskontroll i 2013 vedtok fylkestinget at fylkesrådmannen skal utarbeida rutinar for val av styrerepresentantar der det m.a. kan gå fram kven som kan veljast og kva kvalifikasjonar som skal leggjast vekt på. Fylkestinget fastsette at arbeidet skal gjerast saman med valnemnda.

Fylkesrådmannen legg her fram sak utan tilråding til drøfting av korleis den vidare prosessen bør leggjast opp.

### Forslag til vedtak

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 18.02.2014

### Innleiing

Fylkestinget gjorde i møte 12.03.13 m.a. slikt vedtak i sak 17/13:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for sakshandsaming som munnar ut i:

-----  
5. Å utarbeide rutinar, saman med valnemnda, for val av styrerepresentantar, der det mellom anna kan gå fram kven som kan veljast og kva kvalifikasjonar som skal vektleggast (jf. punkt 4 i fylkestingvedtak 02/08).

6. Å sikre at punkt 5 i fylkestingvedtak 02/08 om å utarbeide rutinar og retningsliner for utøving av styreverva blir følgt opp. Slike rutinar kan omfattast av eigarskapsmeldinga og kan t.d. omhandle registrering av styreverv, vurdering av habilitet og liknande.

-----  
8. Spørsmålet om ugildskap blir tidvis aktualisert både i fylkestinget og i utval og komitéar. Praksis på dette området synest å variere. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i samarbeid med kontrollutvalet om eit notat som kan gi politikarane i Hordaland fylkeskommune naudsynt rettleiing med omsyn til praktisering av ugildskap.»

Til punkt 8 har kontrollutvalet 10.04.13 gjort slikt vedtak:

*"Kontrollutvalet meiner at det ikkje vil vera formelt rett at kontrollutvalet er med på å utarbeide eit slikt notat då temaet i neste omgang kan verta gjenstand for ein forvaltningsrevisjon."*

Utgreiing om habilitet gjort av Advokatfirmaet Thommessen vert lagt fram for fylkestinget som referatsak 11.03.14.

### Saksgrunnlag

I denne saka er det vidare oppfølging av punkt 5 som vert lagt fram til drøfting. Som grunnlag for drøftingane legg fylkesrådmannen fram KS sine tilrådingar (vedlagt), som også er vist til i revisjonsrapporten (jfr. overskrifta på saka) og utgreiing frå Advokatfirmaet Thommessen om val av styrerepresentantar og krav til utøving av styreverv (vedlagt). Det er i tillegg innhenta opplysningar om korleis ein del andre fylkeskommunar har innretta seg, i tillegg til Bergen kommune.

Det vi har av opplysningar frå andre viser følgjande:

#### Bergen kommune

I «Melding om eierskap i kommunens selskaper og foretak» frå 2011er det vedteke m.a.:

«3. Bystyrerepresentanter, byråder og politiske sekretærer kan ikke velges inn på vegne av kommunen i bedriftsforsamlinger eller i styrene til aksjeselskaper der kommunen har eierinteresser, og dette uavhengig av kommunens eierandel. Dette skal også gjelde byråkrater som innenfor sitt saksområde har regulerende eller kontrollerende myndighet overfor selskapet, eller har til behandling saker av vesentlig betydning for selskapet. Dette for å unngå habilitets- og interessekonflikter.

4. Aktive bystyremedlemmer kan fortsatt velges inn i styrene i de kommunale foretakene og arbeidsmarkedsbedriftene. Forretningsutvalget foreslår styrekandidater til de kommunale foretakene og arbeidsmarkedsbedriftene.

5. Byrådet velger styremedlemmene og gjør en løpende vurdering av tjenestetiden for styremedlemmene. Ved utskifting av styremedlemmer skal det påses at hele styret ikke skiftes ut samtidig, men at det sikres en viss kontinuitet i styret. Styreleder skal velges av generalforsamlingen, og ikke av styret.

6. Bergen kommune vil tilstrebe en jevnere kjønnsbalanse i styrene. Det er en målsetning å få en 50/50 representasjon. Byrådet ønsker også å få frem flere kvinnelige styreledere. Byrådet vil imidlertid ikke benytte kvoteringsregler for å oppnå denne målsetningen.

7. Det skal utarbeides styreinstruks i alle selskaper der kommunen har minst negativ kontroll, dvs. der kommunens eierandel er på 33,33 % eller mer. Dette skal også gjelde for de kommunale foretakene. Det vises i den forbindelse til vedlagte mal på styreinstruks i meldingens kapittel VII som en veileder i dette arbeidet.»

#### Akershus fylkeskommune

Akershus fylkeskommune opplyser i e-post 13.02.14:

«Viser til vedlagte eierskapsmelding. Tidligere var det aktive politikere i styrene i de fleste selskapene, nå bare i styret i AS Vaterland Bussterminal og AS Fjellinjen. Noen få tidligere politikere har styreverv, men ikke nødvendigvis i kraft av sin politiske bakgrunn. I Kjeller Innovasjon AS og Oslo Teknopol IKS er fylkeskommunens styrerepresentant ansatt i sentraladministrasjonen.

Overordnede prinsipper for eierstyring ble behandlet i fylkestinget 17.06.2013. Saken følger vedlagt. Et av temaene i saken er styredeltakelse og oppnevning.

I tillegg vedlegges fylkestingssak om eierskap og styring, samt protokoll fra behandlingen 12.02.2009. I denne saken ble bl.a. KS-anbefalingene gjennomgått og vurdert.»

Vedtaket 20.02.09 lyder:

1. *Eiermelding legges fram hvert annet år*
2. *Obligatorisk kurs i eierstyring for fylkestingets medlemmer holdes i begynnelsen av hver valgperiode som del av folkevalgtopplæringen. For det sittende fylkesting holdes kurs i løpet av 2009.*
3. *Fylkesutvalget skal som hovedregel ha rollen som eierorgan for selskaper og samarbeid. Utvalget behandler i forkant generalforsamlings-/ representantskapsaker og utpeker den/de som skal møte.*

*I noen tilfeller kan det være vanskelig å rekke fylkesutvalgsbehandling av sakene. Fylkesordfører får fullmakt til å håndtere slike tilfeller.*

*Eierrollen for rene driftsselskaper som behandler saker der det ikke er behov for politisk skjønn ivaretas av fylkesrådmannen.*

#### **Unntak:**

*Akershus KollektivTerminaler FKF, Akershus og Østfold fylkesrevisjon og Akershus og Østfold kontrollutvalgsekretariat følges opp av fylkestinget*

4. *Medlemmene av organet som ivaretar eierrollen for et selskap, kan ikke også være representanter i styret for selskapet.*
5. *Styresammensetningen bør følge IKS-lovens bestemmelser om kjønnsrepresentasjon, uavhengig av selskapstype.*
6. *Det velges personlige vararepresentanter til styrene.*

#### Rogaland fylkeskommune

Rogaland fylkeskommune er i gang med eit arbeid der det skal utformast prinsipp for eigarskap og utnemning av styremedlemer i selskap som er tilknytt eller eigd av fylkeskommunen. Gruppeleiarane utgjer styringsgruppe. Det er planlagt at sak skal leggjast fram for fylkestinget i slutten av april.

Tre andre fylkeskommunar er kontakta om kva ordning dei har for val av styrerepresentantar, men det er ikkje motteke svar så langt.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen legg til grunn at valnemnda må ta stilling til korleis den vidare prosessen bør styrast, t.d. av ei samla valnemnd eller ei mindre, politisk arbeidsgruppe. Saka vert med dette lagt fram til drøfting utan tilråding rå fylkesrådmannen.